



Årsmelding  
for  
Voss Idrottsråd  
(VIR)  
2011



## Styrets si samansetning

FUNKSJON	NAMN	LAG
Leiar:	Heidi Olsen Nedkvitne	Ørnar IL
Nestleiar:	Randi Knapstad	Bjørgum IL
Skrivar :	Marta Katrine Vethe	Voss IL
Kasserar og IT ansvarleg	Inge Arild Lirhus	Bulken IL
Styremedlem:	Reidar Flatebø	Vargar IL
Styremedlem:	Lars Wilgohs	Voss IL
Varamedlem:		
Varamedlem:	Arne Moen	Voss Golfklubb
Valgkomité:	Ranveig Iversen Arvid Birkeland Terje Græe	Bjørgum IL Voss Karateklubb Voss Motorsportklubb
Revisorar:	Terje Eide og Nils Inge Håland	

## Styrets arbeid i 2011

### Styremøter

Det er avvikla 9 styremøte og 31 saker er handsama.

Når ein ser tilbake på året 2011 har VIR vore innom mange saker og det har vore nok eit aktivt år. Av ulike saker som idrettsrådet har vore engasjert i dette året er det mellom anna jobba med og delteke på følgjande arrangement og møter:

### Foredrag med Yngvar Andersen

Vart gjennomført januar 2011. Det vart ein stor suksess med både trening i idrettshall og foredrag i det nye kulturhuset. Det er eit omfattande arbeide med slike arrangement og krev mykje arbeid av eit lite idrettsråd. Likevel er det viktig at eit IR kan væra ein motivator og pådrivar for å få gode haldningar til rørsle og idrett i ein så stor idrettskommune som Voss er.

### Idrettsrådskonferanse i Drammen 1.-3 april

Leiar og nestleiar deltok. Fokus på kommune og fylkestingsvalet og korleis me skulle jobbe mot valet 2011. I tillegg fekk me fleire foredrag om korleis samarbeidet var mellom ulike kommunar og idrettsråd.

### Seminar 12 april - om Bergen og Bergensregionen som vertskapsby for store idrettsarrangement og om toppidrett og høgare utdanning.

Frå Voss IR møtte leiar i tillegg til ordførar og leiar for Kultur og Fritid i Voss Kommune.

### Valkamp 2011 og møte med dei lokale politikarane

Det vart eit målretta fokus på korleis me ville jobba med dei lokale politikarane i høve til deira satsing på idrett i kommunen. Det vart sendt ut brev til alle politiske parti om å stille til valkampdebatt i Voss Kulturhus torsdag den 8.september.

Me var svært nøgde med debatten og me fekk eit viktig og svært etterlengta fokus på idretten hjå våre lokale politikarar. Ikkje minst så førte det til at me fekk ein dialog omkring viktige saker som kommune, administrasjon og politikarar må jobbe med.

#### **Kontakt med Voss Kommune:**

Me hadde lite dialog med kommunen ang oppretting av stilling som Idretts- og folkehelsekoordinator og prosessen var veldig lukka for VIR sin del. Saman med dialogen me fekk oppretta på valkampen og ein nyttilsett ordførar fekk me i stand eit møte i desember, der leiar og nestleiar la fram viktige element å jobba med i nær framtid.

Nils Helge Kvamme vart tilsett i stilling som Idretts- og folkehelsekoordinator (frå 01.01.2012) og ordførar tok straks ansvar for at me fekk jobba fram ein samarbeidsavtale med Voss Kommune. Det har også i år vore søkt kommunen om midlar til å drifte VIR. Det vert brukt mange arbeidstimar til møter med ulike instansar, og leiar har møtt på mange av desse. Det er ikkje kome svar frå kommune på om det er mogleg å oppjustere den økonomiske delen.

#### **Idrettsrådskonferanse:**

4.-5.november deltok VIR ved Heidi og Randi Knapstad på idrettsrådskonferanse i Drammen. Her fekk me mellom anna sett fokus på korleis ein kan koma i gang med samarbeidsavtalar med kommunen, kontakten med kommunepolitikarane og korleis dei ulike idrettsråda hadde arbeida fram mot kommune og fylkestingsvalet. VIR hadde også eit kort innlegg om korleis me hadde jobba med dette temaet.

#### **Spelemidlane:**

Spelemidlane vart prioriterte etter forslag frå administrasjonen som skal følgja m.a desse prioriteringskriteria: ferdigstilte anlegg og alle søknadar skal deretter vera prioriterte etter når dei er søkt.

#### **Møte om turnkasse:**

20.oktober 2011 vart IR v/leiar, representantar frå Voss Gymnas, representantar frå Fylke som har med utdanning og idrett samla til eit møte i Bergen ang ei turnkasse i samband med utbygginga av Voss Gymnas og idrettshall.

#### **Høyringsuttaler:**

- **Strandsoneplan ved Vangsvatnet:** Her har VIR v/leiar vore på 3 møter ang strandsoneplanen. Ein har sendt ut til alle idrettslag om dei har noko som IR kan ta med inn i desse høyringane. Det er sett av eit område til idretten. Voss Freestyleklubb har ønska seg eit vasshopp i dette området. VIR har støtta forslaget og presisert at dette er eit område med ålmenn interesse for idrett. Derfor er det viktig at dette hoppet har tilbod om fleire aktivitetar i tillegg. Klatrevegg og skøytebane er t.d foreslått. Det er i tillegg planer om å flytta sandvolleyballbane og laga til skate-ramper i området.
- **Reguleringsplan for vidaregåande skular- Voss Gymnas\*1 og Voss Jordbruksskule\*2**  
\*) Voss Gymnas-Skulehaugen - i tillegg til at me stør forslag om bygging av turnkasse har også VIR i kommentar at aktiviteten i brukarrådet for idrettsplassen vert teke opp att og at reguleringsplanen vert utvida slik at den også gjeld området mellom idrettsplass og grusbane (såkalla eksperthaugen). Dette området bør regulerast til "sentrumsføremål"-slik at det vil være mogleg for idretten å nytta dette området m.a til garderobes, kontor, tribune og serering.

\*)Voss Jordbruksskule- VIR har uttalt at dei ynskjer at ein tek omsyn til idretten sine behov og ynskjer. Prosessen er i gang her.

## TILSKOT TIL MIDLAR

### VIR fordelte midlar til IDRETTSANLEGG OG TRENAR/LEIARUTDANNING:

Det vart fordelt:

- 25.000 til trenar/leiarutdanning
- 33.000 til utstyr
- 80.000 til idrettsanlegg.

VIR har oppmoda kommunen om å auke desse summene monaleg.

**Eldsjelpris-** leiar var med i prosessen med å velja ut årets eldsjel - som Voss Sparebank deler ut. Den gjekk i fjor til Magne Sørestrand.

**VIR sin kontaktperson i Hordaland Idrettskrets** er også i år Svein Erik Burud som kjenner idretten på Voss godt. I tillegg jobber me veldig godt og får god oppfølging av Anne Kristine Aas og Knut Songve.

### Edvard B Hegbom sin minnepris og utøvarstipend vart i 2010 tildelt:

- Trond Håvard Bjørnstad frå Voss IL som fekk heidersprisen.
- Vebjørn Turtveit fekk utøvarstipendet.

**Ungdomsrådet:** VIR har ikkje lukkast med å få ny kontakt inn i ungdomsrådet.

### Lokale aktivitetsmidlar (La-midlar)

Tidlegare har tildelingane vore slik :

2007	2008	2009	2010	2011
373 281	513 140	539 255	461 266	451 252

Tildelingane av midlar vart gjort på bakgrunn av "Kjørereglar for fordeling av aktivitetsmidlar til idrettslag på Voss", gjennomgått og godkjend på årsmøte 2011.

VIR oppmodar alle lag om å registrera alle aktivitetar for barn frå 6-18 år slik at dei får for den aktiviteten som er i laget.

### Vurdering av aktivitet i forhold til mål

VIR har som før nemnt hatt nok eit aktivt år med mange oppgåver. Det har vore engasjerande og utfordrande, men mest så har det vore eit år med godt samarbeid på mange plan. Ein kan mellom anna nemna Hordaland Idrettskrets som heilt klart har vore ein viktig medspelar på laget i tillegg til Voss kommune. Ein ser at e-post kontakten med idrettslag har letta informasjonsarbeidet og at det er betre kontakt mellom medlemmane og idrettsråd.

Styret har hatt eit godt samarbeid og me har fordelt oppgåvene veldig bra. Ein ser at det er nødvendig å ha eit idrettsråd som fungerer i store og viktige spørsmål som vert handsama. I ein så stor idrettskommune som Voss er, må idrett få eit endå større fokus når det gjeld politisk oppfølging og ressursar på kommunalt nivå.

Me har fått gjennomført mange av dei måla me sette oss for 2011. Det viktigaste vart kontakten med våre lokale politikarar i samband med kommune og fylkestingsvalet.

Me fekk i gang prosessen med å oppretta ein samarbeidsavtale og dette er ein viktig plattform for å kunne vidareformidle idretten sine utfordringar og oppgåver.

Me kunne tenka oss enno meir kontakt med medlemmane og eit større engasjement frå idretten når idrettsrådet sett fokus på viktige saker som gjeld dei fleste. Sjølv om paneldebatten var ein suksess, kunne me ynskt at fleire stilte opp. Men det skal likevel seiast at dei som kom stilte opp med mange og gode spørsmål og me nådde fram til politikarane på ein god måte. Me har ikkje lukkast å betre Edvard Hegbom sitt minnefond og utøvarstipend. Til fordel for ein paneldebatt fekk me ikkje planlagt noko foredrag der idrett og folket elles kunne delta.

#### **Medlemstal:**

Voss Idrottsråd har 42 medlemsorganisasjonar.  
Totalt har me omlag 7960 medlemmer.

## **PLANER OG FRAMDRIFT AV IDROTTSRÅDET**

### **Saker me må halde fram med å ha eit ekstra fokus på det komande året:**

- Fylje opp viktige saker innanfor idretten.
- Idretts-zero: vera ein pådrivar for at idretten jobbar målretta for eit antimobbeprogram.
- Rein idrett - antidoping og samarbeid med Voss kommune om foredrag på Voss Ungdomsskule.

### **Samarbeidsavtalen med Voss Kommune og samarbeid med idretts- og folkehelsekoordinator**

- me må få i gang gode rutinar som er sett opp i samarbeidsavtalen og ikkje minst må me syte for at det gode bindeleddet mellom idrett og kommune som no er på plass vert vedlikehalde. VIR ynskjer meir kontakt med medlemmane og me vil ha fokus på dette i året som kjem.

**Styret ynskjer å delta på idrettsrådssamlingar** som vert arrangert av kretsen samt Idrettsrådskonferansar. Dette er ein arena der IR kan skaffa seg enno meir kompetanse og få idear til korleis me kan jobba her på Voss med dei sakene/utfordringane me har.

Idrettspolitiske saker - det er viktig at IR får all den informasjon som trengst for å handsama idrettspolitiske saker.

Det er mange saker innafor idretten som vert handsama. VIR ynskjer å vera ein medspelar i slike saker.

### **Ein må betra økonomien i Edvar B Hegbom sin minnepris og utøvarstipend.**

#### **Betring av VIR sin økonomi:**

Mesteparten av møteaktiviteten skjer på dagtid. VIR må jobbe for at ein kan frikjøpa leiar og evt andre som må stille på møter i arbeidstida. Viss det ikkje kjem midlar inn til IR må konsekvensen vera at ein ikkje kan stille på møter på dagtid, og dermed vert idrett og viktige spørsmål utanfor når uttaler skal skje. Ein må få til ein dialog frå kommunen sin side på korleis me løyser dette.

VIR ynskjer ein gong i året å arrangera eit foredrag for folket og idretten som kan vera haldingsskapande/informerande av ymse slag.

Voss 13. mars 2012

Heidi Olsen Nedkvitne

Randi Knapstad

Inge Arild Lirhus

Reidar Flatebø

Lars Wilgohs

Arne Moen

